



**Uskedalen har fått mykje positiv PR i det siste og meir står for tur. Denne veka er 3 amerikanarar igang med klatring i Ulvanåso og det er ikkje ein privat ekspedisjon. Han skal ende som reportasje i verdas beste og tyngste klatremagasin Climbing. Dei kom onsdag for ei veke sidan og blir her fram til helga. Odd Magne Øgreid frå Bergen Klatreklubb var saman med dei sist helg.**

**Reportasjen kjem på trykk til hausten fortel Brendan Leonard frå Colorado, Forest Woodward frå New York og Chris El-Deiry frå Utah som har hatt fine dagar i det mange held fram som Noregs kanskje beste klatrefjell**

Leonard fortel at han var i Noreg i fjor og vart inspirert til å koma attende for å finna klatrefjell. Han fann Ulvanåso fordi han såg bilete av ho i ein bok i eit bibliotek heime i Colorado. Det neste var kontakt med Bergen Klatreklubb og dermed var prosjektet på plass.

Her i Uskedalen bur dei på Dønhaug. Men ei natt i veggen har også stått på programmet melder Grenda.

Turistsjef Karen Løvfall Våge håpar at reportasjen vil gje eit ekstra oppsving for klatreturismen som ikkje har hatt så mykje vind i segla før trass i det fine fjellet vårt som no også har fått ei ny bok med ruter.

Tekst: Ola Matti Mathisen  
Foto: Grenda



Brendan og Chris slappar av mellom klatreøktane